

Referat frå møte i bygdautvalet 23/9-25 kl. 18:30

Møtte: Inge, Hilde, Grete, Eivind.

1. Igangsetjing av arbeidet i Arnold-stiftinga
2. Vegen vidare og framtidige møte
3. Parkeringsaka
4. Kaileige (jfr. tidlegare utsende dokument)
5. Oppfylgingssaker

1 og 2

Utgår delvis fordi stiftinga ikkje kunne. Me set ny møtedato for møte mellom stiftinga og bygdautvalet, og landar på **måndag 13. klokka 18-20:30**. Dette møtet går med andre ord rett over i bygdamøtet om parkering.

3. Parkeringssaka

Eivind oppdaterer fort bygdautvalet om dei to møta som har vore i parkeringsnemnda. Det viktigaste skiljet er mellom korttids- og langtidsparkering. Dette er ei kommunal sak, men både bygdautvalet og parkeringsnemnda har interesse av at samarbeidet mellom dei rette kommunale etatane og grunneigarar i Fjærland blir godt. Me er interesserte i å få særleg bubilar dit me vil ha dei, og at alle andre stader skal vera utilgjengelege for overnatting.

Me møter opp på folkemøtet 13. oktober, og passar på å leggja fram saka då. Me må passa på at det blir ei ide- og innspeløkt på folkemøtet. **Eivind** syter for at møteleiar Bjarte legg opp til det.

Me må òg passa på at det tunge arbeidet i etterkant av eit eventuelt kommunestyrevedtak ikkje endar opp i kvar einskild bygd (eller bygdautval), og at det blir ei kommunal oppgåve å iverksetja og handheva reglane som blir vedtekne.

4. Kaileige (jfr. tidlegare utsende dokument)

Vedtak: Me set opp leiga til desse satsane:

Småbåtar 200,-

Større båtar 300,-

Straum 100,- (som i dag)

Dusj: 30

Vaskemaskin: 50

Det har kome inn ein del pengar på paypal, så det fungerer. Er vipsnummeret rett? 114473 gjev ikkje treff, men det viser seg å vera Vips som er ute. Undersøkingar i løpet av møtet viser at det fungerer.

Heng opp plakaten om at vatnet er for båtar.

Endre plakaten slik at dei kan bruke Euro i pengeboksen (1eur=10nok)

Lag plakaten på dodøra om at bussar er oppmoda til å betala, fordi bygget ikkje er dimensjonert for den bruken. Dette har vorte ei sak no i år, fordi det er turoperatørar som plukkar opp båtturistar. Guidane må få veta dette. **Eivind** lagar plakatar.

5. Oppfylgingssaker

Kaiskjørtet: Johannes har tid til våren. Jarle kanskje òg. **Grete** fylgjer opp desse.

6. Ymse

1. Kafeen

Skal bygdautevalet blanda seg i kven som skal driva Inkåleisen? Skal me i så fall hjelpa nokon i gang?

Eivind tek kontakt med Bård/Inna for å avklara spørsmålet om Fjordstova har tenkt å driva kafeen. Svar frå Bård 24/9: Fjordstova kjem ikkje til å driva kafeen.

Viss ikkje Fjordstova skal, bør næringssamskipnaden og bygdautevalet prata om det. Viss næringssamskipnaden har saka, gjer me ikkje noko meir med det.

2. Info-ark?

Skal me gje ut eit infoark før jul? Vedtak: Ja.

Saker:

- fyrst og fremst det me driv med sjølv
- i andre omgang ting andre driv med og som gjeld utvikling/nyskaping i Fjærland
- presentasjon av bygdautevalet?
- dato for årsmøtet! Då tel infoen som innkalling til årsmøtet!

Møtet slutt 19:45.

Ref. EØ